Resultatrekneskap

Alle tall i 1000 NOK

Helse Fonna HF

	Note	2015	2014
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Basisramme	2,3	2 328 479	1 952 014
Aktivitetsbasert inntekt	2,3	959 479	903 311
Anna driftsinntekt	2,3	90 610	96 495
Sum driftsinntekter	**2,3**	**3 378 568**	**2 951 820**
Kjøp av helsetenester	4	207 254	173 445
Varekostnad	5	326 621	306 287
Lønn og andre personalkostnader	6	2 264 505	1 593 764
Ordinære avskrivingar	9	125 613	118 034
Nedskriving	9	2 540	3 003
Andre driftskostnader	7	414 520	393 962
Sum driftskostnader	**2**	**3 341 052**	**2 588 495**
Resultat frå drifta		**37 516**	**363 325**
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter	8	5 588	7 357
Andre finanskostnader	8	2 928	4 361
Netto finansresultat	**8**	**2 660**	**2 996**
Resultat før skattekostnad		**40 177**	**366 322**
RESULTAT FOR ÅRET		**40 177**	**366 322**
OVERFØRINGAR:			
Overført annan eigenkapital	15	40 177	366 322
Sum overføringar		**40 177**	**366 322**

Balanse

Alle tall i 1000 NOK

Helse Fonna HF

	Note	2015	2014
EIGEDELAR			
Anleggsmidlar			
Varige driftsmidlar			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	9	1 535 466	1 482 269
Medisinskteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l	9	194 647	199 521
Anlegg under utføring	9	18 060	109 012
Sum varige driftsmidlar		**1 748 173**	**1 790 802**
Finansielle anleggsmidlar			
Investering i andre aksjar og partar	10	112 831	102 944
Andre finansielle anleggsmidlar	11	1 266	1 471
Pensjonsmidlar	16	272 194	458 362
Sum finansielle anleggsmidlar		**386 291**	**562 777**
Sum anleggsmidlar		**2 134 464**	**2 353 579**
Omløpsmidlar			
Varer	12	28 627	26 416
Krav	13	433 679	152 287
Bankinnskot, kontantar og liknande	14	66 179	66 345
Sum omløpsmidlar		**528 486**	**245 047**
SUM EIGEDELAR		**2 662 950**	**2 598 626**

Balanse

Alle tall i 1000 NOK

Helse Fonna HF

	Note	2015	2014
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Føretakskapital	15	100	100
Annan innskoten eigenkapital	15	2 127 267	2 127 267
Sum innskoten eigenkapital		**2 127 367**	**2 127 367**
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	15	-224 537	-264 714
Sum opptent eigenkapital		**-224 537**	**-264 714**
Sum eigenkapital		**1 902 830**	**1 862 654**
Gjeld			
Avsettingar for forpliktingar			
Andre avsettingar for forpliktingar	17	38 045	36 609
Sum avsettingar for forpliktingar		**38 045**	**36 609**
Anna langsiktig gjeld			
Langsiktig gjeld til føretak i samme konsern	18	187 053	203 616
Sum anna langsiktig gjeld		**187 053**	**203 616**
Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld		**225 098**	**240 224**
Kortsiktig gjeld			
Skuldige offentlege avgifter		131 828	124 122
Anna kortsiktig gjeld	19	403 193	371 627
Sum kortsiktig gjeld		**535 021**	**495 748**
Sum gjeld		**760 120**	**735 973**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		**2 662 950**	**2 598 626**

Haugesund, 04.04.2016
Styret for Helse Fonna HF

Kjell Arvid Svendsen styreleiar	Brian David Bjordal nestleiar	Solfrid Borge styremedlem
Liv Kari Eskeland styremedlem	Gunnar William Birkeland styremedlem	Hilde Brit Christiansen styremedlem
Nina Budal styremedlem	Kjetil Andre Våge styremedlem	Helge Espelid styremedlem
Pål Osjord Midbøe styremedlem	Olav Godtfred Klausen adm.direktør	

Kontantstraumoppstilling

Helse Fonna HF

Beløp i 1000 NOK

	2015	2014
Kontantstraumer frå operasjonelle aktivitetar:		
Årsresultat	40 177	366 322
Tap/vinst ved sal av anleggsmidlar	-543	1 715
Ordinære avskrivingar	125 613	118 034
Nedskrivningar varige driftsmidlar	2 540	3 003
Endring i omløpsmidlar	-283 604	-101 485
Endring i kortsiktig gjeld	39 273	17 301
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordninger	186 168	-448 385
Inntektsført investeringstilskott	-1 841	-1 898
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	**107 783**	**-45 394**
Kontantstraum frå investeringsaktiviteter:		
Innbetaling ved sal av varige driftsmidlar	2 290	8 094
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-87 272	-138 841
Utbetalinger ved kjøp av andre finansielle eiendeler	-9 682	-9 111
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	**-94 663**	**-139 858**
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar:		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	0	0
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-15 085	-15 085
Endring andre langsiktige forpliktingar	1 799	5 161
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	**-13 285**	**-9 924**
Netto endring i likviditet	-166	-195 175
Likvide midlar 01.01	66 345	261 520
Likvide midlar 31.12	**66 179**	**66 345**
Unytta trekkramme per 31.12	34 300	208 000
Likviditetsreserve 31.12	**100 479**	**274 345**
Innvilga kredittramme 31.12	**34 300**	**208 000**

Note 1

Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen
Rekneskapen for 2015 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapen for året består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapsskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillingsprinsippet, varsemdprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om vidare drift. Ved utarbeidinga av rekneskapen må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdiar av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedkommande forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimata.

Helse Fonna HF blei stifta 01.01.02 etter lov om helseføretak. På same tida blei anleggsmiddel og forpliktingar netto i heile tusen kr 1 818 338 overført til Helse Fonna HF som eit tingsinnskot.

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkelig verdi for anleggsmidla.

I opningsbalansen er bruksverdi sett til attkjøpsverdi redusert for slit og elde og justert for teknisk standard. Der det på overtakingstidspunktet var kjent at bygga ikkje ville bli tatt i bruk eller bare tatt i bruk for ei kortare periode, er verdien på opningsbalansen redusert. For bygg og tomter er denne verdien basert på takstar utarbeidd av uavhengige miljø hausten 2001.

Konsolidering
Helseføretaket går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest RHF og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap.

Klassifisering og vurdering av balansepostar
Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet, samt poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmiddel blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengepostar i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner per 31.12 i rekneskapsåret.

Prinsipp for inntektsføring

Rammetilskot
Rammetilskot frå Helse Vest blir inntektsført i det året tilskotet er gitt for.

Aktivitetsbaserte inntekter (ISF/innsatsstyrt finansiering og polikliniske behandlingar)
ISF inntektene, inntekter frå eigendelar samt refusjon frå HELFO er knytt opp mot produksjon i helseføretaka, og inntektsføringa skjer i den perioden aktiviteten er utført.

Inntekter vedkommande pasientar busett i andre regionar som er behandla i helseføretaket er ført i rekneskapen som gjestepasientinntekter under aktivitetsbaserte inntekter. Inntekter vedkommande eigne pasientar behandla i andre regionar er ført som ISF-inntekt under aktivitetsbasert inntekt.

Øyremerka tilskot
Øyremerka tilskot blir inntektsførte i den perioden kostnadene med aktiviteten blir rekneskapsførte. Gjeld tilskotet investeringar blir inntektene førte i same perioden som avskrivingane på dei aktuelle investeringane.

Andre inntekter
Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

Varige driftsmiddel
Varige driftsmiddel blir oppførte i balansen til historisk innkjøpskost trekte frå akkumulerte lineære avskrivingar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ei økonomisk levetid på over tre år, og ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar eller betringar blir lagde til driftsmiddelets kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som de kjem på. Renter som relaterer seg til anlegg under oppføring blir aktiverte som ein del av kostprisen.

Ved sal og utrangering av anleggsmiddel blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader

Avskrivingar
Ordinære avskrivingar er utrekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarande prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle eigedelar. Avskrivingane er klassifiserte som driftskostnader.

Nedskriving
Nedskrivingar av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar blir vurderte når det ligg føre indikasjonar på verdifall for eigedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skriven ned til attkjøpsverdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivinga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Behandling av dotterføretak og heileigde selskap og tilknytt verksemd
Slike selskap blir vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. Investeringa er vurdert til innkjøpskost for aksjane med mindre det har vore nødvendig med nedskriving. Det er gjort nedskriving til verkeleg verdi når verdifall har årsaker som ikkje blir vurderte som forbigåande, og det må sjåast naudsynt etter god rekneskapsskikk. Nedskrivingar er førte attende når grunnlaget for nedskriving ikkje lenger er til stades.

Utbytte og andre utdelingar er inntektsførte same år som dei er avsette i dotterselskapet. Dersom utbyttet overstig det tilbakehaldne resultatet etter kjøpet, representerer den overskytande delen tilbakebetaling av investert kapital, og utdelingane er trekte frå verdien på investeringa i balansen.

Eigenkapitalinnskott i KLP
For eigenkapitalinnskotet i KLP skal kostprinsippet nyttast. Det vil seie at det normalt berre er inn og utbetalingar som skal påverke storleiken på innskotet.

Varelager og varekostnad
Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskriving for påreknelig ukurans er gjord i samsvar med god rekneskapsskikk.

Krav
Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetting til venta tap. Avsetting til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava.

Pensjoner
Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameteren som er nytta går fram av note om pensjonar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar og føresetnader frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang, osb. Pensjonsmidlar er vurderte til verkeleg verdi og trekte frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar, blir resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar og avvik frå føresetnadene for utrekningane (estimatendringar) er fordelte over estimert gjennomsnittleg attverande opptjeningstid om avvika ved starten på året er over 10 prosent av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar. Pensjonsordningar som viser netto forplikting, er førte opp i rekneskapen som gjeld, mens pensjonsordningar som viser netto midlar, er førte opp i balansen som eigedel. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad trekt frå estimert avkastning på pensjonsmidlar) blir klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med lønn og andre ytingar.

Arbeidstakardelen av pensjonspremien er trekt frå i lønnskostnadene.

Pensjonsordninga tilfredsstiller krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

Uvisse forpliktingar
Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Segment
Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det blir presentert tal for verksemdsområda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket.Ein har i tillegg delt inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

Kontantstraumoppstilling
Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tar utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Konsernkontoordning
Det er etablert konsernkontoordning i DNB Nor. Innskot og gjeld innanfor denne ordninga er i rekneskapen for føretaket klassifisert som kortsiktig krav/gjeld til Helse Vest RHF.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil
Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidligare års rekneskap blir førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Samanlikningstal for førre året
Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

Skatt
Helseføretaket er ikkje skattepliktig etter statsføretakslova.

Note 2 Rapportering frå verksemda
Heile 1000 kroner

Inntekt for kvart verksemdsområde
Heile 1000 kroner

	2015	2014
Somatikk	2 184 563	1 735 807
Psykisk helsevern VOP	551 085	579 972
Psykisk helsevern BUP	145 692	117 264
Tverrfagleg spesialisert behandling av rusmisbruka	135 721	109 419
Anna	361 508	409 359
Sum driftsinntekter	**3 378 568**	**2 951 820**

Verksemdsområde kalla «Anna» omfattar i hovudsak kostnader og inntekter knytt til ambulanse, pasienttransport, samt kostnader og inntekter som ikkje er del av spesialisthelsetenesta.

Kostnad for kvart verksemdsområde
Heile 1000 kroner

	2015	2014
Somatikk	2 215 098	1 726 627
Psykisk helsevern VOP	559 232	427 390
Psykisk helsevern BUP	140 537	107 628
Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmisbruk	105 929	74 487
Anna	320 256	252 364
Sum driftskostnader	**3 341 052**	**2 588 495**

Som følgje av nye regler for uførepensjon og innarbeiding av levealdersjustering på ytingar til framtidige pensjonistar har føretaket ein månadleg lågare pensjonskostnad i 2015 samanhalde med 2014. Effekten av dette er delt relativt mellom dei respektive verksemdsområda. Effekten av dette vises som reduserte kostnader i forhold til 2014. Sjå vidare opplysingar under note 16 pensjon.

Driftsinntekt fordelt på geografi
Heile 1000 kroner

	2015	2014
Helse Vest sitt opptaksområde	3 366 886	2 938 662
Resten av landet	8 764	9 715
Utlandet	2 918	3 444
Sum driftsinntekter	**3 378 568**	**2 951 820**

Note 3 Driftsinntekter
Heile 1000 kroner

	2015	2014
Basisramme	2 328 479	1 952 014
Aktivitetsbasert inntekt:		
Behandling av eigne pasientar i eigen region	767 684	718 670
Behandling av eigne pasientar i andre regionar	28 203	30 103
Behandling av andre sine pasientar i eigen region	8 764	9 715
Poliklinikkinntekter, laboratorium og radiologi	137 680	133 813
Utskrivingsklare pasientar	8 197	6 170
Anna aktivitetsbasert inntekt	8 952	4 841
Anna driftsinntekt		
Øyremerka tilskot til "Raskare tilbake"	3 823	6 044
Øyremerka tilskot til andre føremål	22 506	19 929
Investeringstilskot ført til inntekt	1 841	1 898
Andre inntekter	62 441	68 624
Sum	**3 378 568**	**2 951 820**

Totale driftsinntekter
Inntekter kalla «Behandling av eigne pasientar i eigen region» og «Behandling av eigne pasientar i andre regionar» består av ISF-refusjonar.

Aktivitetstal

	2015	2014
Aktivitetstal somatikk		
Talet på DRG-poeng iht Sørge-for-ansvaret	39 049	36 911
Talet på DRG-poeng iht eigaransvaret	36 154	34 211
Talet på polikliniske konsultasjonar	125 107	119 105
Aktivitetstal psykisk helsevern for barn og unge		
Talet på utskrivne pasientar frå døgnbehandling	116	100
Talet på polikliniske konsultasjonar	20 320	18 947
Aktivitetstal psykisk helsevern for vaksne		
Talet på utskrivne pasientar frå døgnbehandling	1 842	1 762
Talet på polikliniske konsultasjonar	32 391	32 300
Aktivitetstal tverrfagleg spes. rusbehandling		
Talet på utskrivne pasientar frå døgnbehandling	146	151
Talet på polikliniske konsultasjonar	8 411	8 110

Note 4 Kjøp av helsetenester
Heile 1000 kroner

	2015	2014
Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar somatikk	140 368	120 854
Kjøp frå private helseinstitusjonar somatikk	1 184	1 198
Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar psykiatri	5 506	3 801
Kjøp frå private helseinstitusjonar psykiatri	41	106
Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar rus	4 143	-557
Kjøp frå private helseinstitusjonar rus	352	366
Sum gjestepasientkostnader	**151 594**	**125 768**
Innleie av helsepersonell frå vikarbyrå	29 768	25 434
Kjøp av andre ambulansetenester	8 811	8 825
Andre kjøp av helsetenester (inkl. avtalespesialistar)	17 080	13 418
Sum kjøp av andre helsetenester	**55 659**	**47 677**
Sum kjøp av helsetenester	**207 254**	**173 445**

Note 5 Varekostnader
Heile 1000 kroner

	2015	2014
Legemiddel	162 739	150 825
Medisinske forbruksvarer	126 120	123 069
Andre varekostnader til eige bruk	33 745	29 096
Innkjøpte varer for videresal	4 018	3 297
Sum varekostnader	**326 621**	**306 287**

Note 6 Lønn og andre godtgjersler
Heile 1000 kroner

	2015	2014
Lønnskostnader	1 543 759	1 486 316
Arbeidsgivaravgift	211 310	203 693
Pensjonskostnader inkl. arbeidsgivaravgift	489 805	-120 727
Andre ytingar	20 473	25 599
- Balanseførte lønnskostnader eigne tilsette	-842	-1 117
Sum lønn og personalkostnader	**2 264 505**	**1 593 764**

Gjennomsnittleg tal på tilsette	3 927	3 885
Gjennomsnittleg tal på årsverk	2 884	2 841

	2015	2014
Godtgjersle til styret	**971**	**960**
Av dette godtgjersle til styreleiar	172	169

Heile 1000 kroner

Godtgjersle til medlem av styret							Ytingar frå andre føretak i Helse Vest	
Namn	Tittel	Styre-honorar	Lønn	Anna godt-gjersle	Sum	Teneste-periode	Honorar/ lønn	Anna godt-gjersle
Svendsen, Kjell Arvid	leiar	171	0	1	172	01.01.-31.12.15	0	0
Bjordal, Brian	nestleiar	121	0	0	121	01.01.-31.12.15	0	0
Birkeland, Gunnar	Styre-medlem	97	0	0	97	01.01.-31.12.15	0	0
Borge, Solfrid	Styre-medlem	97	0	11	108	01.01.-31.12.15	0	0
Eskeland, Liv Kari	Styre-medlem	97	0	4	101	01.01.-31.12.15	0	0
Våge, Kjetil Andre*	Styre-medlem	81	572	2	655	01.03.-31.12.15	0	0
Budal, Nina	Styre-medlem	97	262	0	359	01.01-31.12.15	0	0
Callaghan, Tove M**	Styre-medlem	16	558	2	576	01.01.-28.02.15	0	0
Christiansen, Hilde	Styre-medlem	0	0	0	0	01.01.-31.12.15	1378	47
Espelid, Helge	Styre-medlem	97	1781	5	1 883	01.01.-31.12.15	0	0
Midbøe, Pål	Styre-medlem	97	675	5	777	01.01.-31.12.15	0	0
Sum		**971**	**3 848**	**30**	**4 849**		**1 378**	**47**

*) Medlem frå 1.3.2015
**) Medlem til 28.2.2015

Fastsetting av styregodtgjering er gjort i foretaksmøte 06.05.2015.

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til dagleg leiar og styreleiar i Helse Fonna HF

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar for andre leiande tilsette eller styremedlem i Helse Fonna HF

Heile 1000 kroner

Lønn og anna godtgjersle til leiande personell							Lønn frå andre føretak i Helse Vest jf lønns- og trekkoppgåve for 2015	
Namn	Tittel	Lønn	Pensjon	Anna godtgjersle	Sum	Teneste-periode 1)	Lønn	Pensjon og anna godtgjersle
Klausen, Olav	Adm.dir.	1 609	190	7	1 806	01.01.-31.12.15	0	0
Bjøntegård, Anne H	Dir.med.serv/ stedsf.	1 038	230	5	1 273	01.01.-31.12.15	0	0
Onarheim. Helga S.	Hr.dir.	1 043	237	11	1 291	01.01.-31.12.15	0	0
Frøyland, Jan H	Fin/øk.dir.	942	260	7	1 209	01.01.-31.12.15	0	0
Lier, Haldis Ø	Fagdir.	1 065	330	9	1 404	01.01.-31.12.15	0	0
Eikeseth, Kenneth	Dir. psyk.h.vern	1 597	195	23	1 815	01.01.-31.12.15	0	0
Nemeth, Laila	Dir.bygg-prosjekt	1 010	238	8	1 256	01.01.-31.12.15	0	0
Haaland, Berit	Dir.somatikk	1 122	188	5	1 315	01.01.-31.12.15	0	0
Mjør, Reidun	Dir.Stord somatikk	910	254	9	1 173	01.01.-31.12.15	0	0
Alvestad, Leif Terje	Dir.internserv	991	247	7	1 245	01.01.-31.12.15	0	0
Sum		**11 327**	**2 369**	**91**	**13 787**		**0**	**0**

1)Tenestetid/-periode er perioden i rekneskapsåret vedkommande har vore deltakar i føretaket si leiargruppe.

Erklæring om fastsetjing av lønn og godtgjersle
Helse Fonna HF definerer personer i stillingane administrerande direktør, fagdirektør, økonomi- og finansdirektør, personal- og organisasjonsdirektør og klinikkdirektørar som leiande personell.

Helse Fonna HF følgjer retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at

- Leiarlønn i føretaka skal være konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Utgreiing leiarlønnspolitikken i 2015

Lønn og godtgjersle til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 83/2015 A, 27.11.2015. Lønn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt. Helse Fonna HF har lagt til grunn retningsliner fastsett i føretaksmøte 06.05.2015.

Lønn til medlem i leiargruppa blei i 2015 justert slik:
Heile 1000 kroner

Namn	Tittel	Gammal lønn	Ny lønn	Auke i prosent
Klausen, Olav	Adm.dir.	1 554	1 594	2,6%
Bjøntegård, Anne Hilde	Dir.med.service/Stedfort.adm.dir.	1 002	1 027	2,5%
Onarheim, Helga S.	Hr.dir.	1 006	1 033	2,7%
Frøyland, Jan Håvard	Finans/øk.dir.	909	934	2,8%
Lier, Haldis Økland	Fagdir.	1 033	1 061	2,7%
Eikeseth, Kenneth	Dir.psykisk Helsevern	1 223	1 256	2,7%
Nemeth, Laila	Dir.byggeprosjekt	973	999	2,7%
Haaland, Berit	Dir.somatikk	945	971	2,8%
Mjør, Reidun	Dir.somatikk Stord	878	902	2,7%
Alvestad, Leif Terje	Dir.intern service	956	981	2,6%

I tillegg til lønn har medlemmane i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og mogeligheit for dekning av internett og avis. Lønnsjusteringane er gjennomført etter andre lønnsjusteringar i helseregionen, men er gjort gjeldande for heile 2015 for administrerande direktør og for dei andre direktørane.

Retningsliner for 2016

Til grunn for Helse Fonna HF sine retningsliner, ligg mellom anna generelle retningsliner for leiarar i statlege føretak (fastsett av regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at leiarlønningane i føretaket skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande søsterføretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Fastsetting av basislønn

Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterier leggast til grunn:

- Lønnsutviklinga i føretaksgruppa Helse Vest generelt
- Lønnsutviklinga i samanliknande stillingar
- Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett.

Dette inneber at årlege justeringar av leiarlønningane ikkje skal skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsetenesta er avslutta.

Lønnsjusteringane gjeld frå 1. januar for administrerande direktør og leiargruppa.

Naturalytingar

Ytingane blir vurdert i høve til kva trong leiar har for å fungera i stillinga, likevel avgrensa til:

- Mobiltelefonordning i tråd med kva som er fastsett i føretaket
- Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtalar
- Eventuelt avisabonnement

Pensjonsordning

Leiande tilsette skal vere omfatta av offentleg tenestepensjon på lik linje med andre tilsette sine vilkår. Det vil seie gjennom ordinær ordning i KLP. Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP.

Sluttvederlag

Det er gjort avtale om sluttvederlag med ett års etterlønn for administrerande direktør i Helse Fonna HF.

Variable godtgjeringar eller særskilte ytingar som kjem i tillegg til basislønn

Det blir ikkje gitt variable tillegg til leiande tilsette i Helse Fonna HF.

Andre høve

Personar i leiinga skal ikkje ha særskilt godtgjersle for styreverv i andre føretak i same føretaksgruppe.

Godtgjersle til revisor

Heile 1000 kroner

	2015	2014
Revisjon etter lova	438	438
Sum honorar til revisor	**438**	**438**
Honorar til revisor i høve til inngått avtale:	**438**	**438**

Alle tal inkludert mva

Note 7 Andre driftskostnader

Heile 1000 kroner

	2015	2014
Transport av pasientar	91 052	91 845
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	45 991	47 510
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, IKT, inventar og liknande	25 911	26 426
Reparasjon, vedlikehald og service	56 021	53 683
Konsulenttenester	13 710	3 064
Anna ekstern teneste	132 477	124 021
Kontor- og kommunikasjonskostnader	16 241	15 986
Kostnader i samband med transportmiddel	8 143	8 160
Reisekostnader	14 784	13 771
Forsikringskostnader	1 288	1 399
Pasientskadeerstatning	2 283	1 273
Andre driftskostnader	6 620	6 824
Sum andre driftskostnader	**414 520**	**393 962**

Note 8 Finansposter

	2015	2014
Andre renteinntekter	5 473	7 349
Andre finansinntekter	115	8
Sum finansinntekter	**5 588**	**7 357**
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	2 848	4 195
Andre rentekostnader	22	25
Andre finanskostnader	57	140
Sum finanskostnader	**2 928**	**4 361**

Note 9 Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar
Heile 1000 kroner

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transport-middel, inventar og utstyr	Sum
Kostpris 01.01	182 107	2 446 905	109 012	481 988	216 899	**3 436 912**
Tilgang i året	4	6 120	44 269	25 891	10 987	**87 272**
Tilgang verksemdoverføring						
Avgang i året	-957	-3 155		-4 781	-4 600	**-13 494**
Frå anlegg til utføring	2 715	130 025	-135 221		2 481	**0**
Kostpris 31.12	**183 870**	**2 579 895**	**18 060**	**503 097**	**225 767**	**3 510 690**
Akk. avskrivingar 31.12		1 215 018		352 369	180 196	**1 747 583**
Akk. nedskrivingar 31.12	4 818	8 463		500	1 153	**14 933**
Balanseført verdi 31.12	**179 052**	**1 356 414**	**18 060**	**150 228**	**44 418**	**1 748 173**
Ordinære avskrivingar i året		81 814		31 201	12 598	**125 613**
Nedskrivingar i året	1 686	456		287	111	**2 540**
Balanseførte lånekostnader						
Levetider		15-60 år		4-15 år	3-17 år	
Avskrivingsplan		linær		linær	linær	

Leigeavtaler:
Heile 1000 kroner

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transport-middel, inventar og utstyr	Sum
Leigebeløp		7 523		418	9 353	**17 294**
Rest leigetid		1-5 år		3 år	1-7 år	**0**

Note 10 Eigardeler i tilknytte selskap og andre aksjar/partar

Andre aksjar og partar

	Hovudkontor	Eigardel	Del av stemmer	Balanseført verdi	Eigenkapital	Resultat i året	Rev. nedkskr./nedskr i året
Storebrand	Oslo	115,1005		118			
Sum	**0**	**0**	**0**	**118**	**0**	**0**	**0**

Investeringar i aksjar og partar
Heile 1000 kroner

	2015	2014
Andre aksjar og partar	118	118
Eigenkapitalinnskot i KLP	112 713	102 826
Sum investeringar i andre aksjar og partar	**112 831**	**102 944**

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekka behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet bli betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

Note 11 Andre finansielle anleggsmidlar

	2015	2014
Andre langsiktige lån og krav	1 266	1 471
Sum andre finansielle eigedelar	1 266	1 471

Langsiktig vederlagsfri leigeavtale med Sauda Kommune i forbindelse med sal av Sauda Sjukehus 1.3.2012. 10 årig leigeavtale og med et areal på 218m2.

Note 12 Varelager

Heile 1000 kroner

	2015	2014
Varer for videresal:		
Handelsvarer	173	179
Sum varer for videresal	**173**	**179**
Varelager til eige bruk	2 270	2 185
Sum varelager	**2 443**	**2 365**
Kostpris lager	**28 787**	**26 509**
Av dette nedskrive for verdifall	160	93
Bokført verdi 31.12	**28 627**	**26 416**

Note 13 Kundekrav og andre krav

Heile 1000 kroner

	2015	2014
Kundekrav	11 493	12 072
Konsernkonto	357 179	99 128
Krav på føretak i føretaksgruppa	50 038	22 790
Oppsamla inntekter	3 994	4 880
Andre kortsiktige krav	10 975	13 416
Sum kortsiktige krav	**433 679**	**152 287**

Endring i avsetting tap på kundekrav:		
Avsetting for tap på kundekrav per 1.1	3 535	3 448
Endring i året i avsetting tap på kundekrav	473	87
Avsetting for tap på krav 31.12	**4 008**	**3 535**
Konstaterte tap på krav i året	**1 332**	**1 121**
Kundekrav har følgande fordeling på forfall:		
Krav som ikkje er forfalne til betaling	9 703	10 376
Krav forfalne med 1 - 30 dagar	860	573
Krav forfalne med 31 - 60 dagar	382	314
Krav forfalne med 61 - 90 dagar	195	448
Krav forfalne med meir enn 90 dagar	4 362	3 897
Kundekrav pålydande per 31.12.	**15 502**	**15 608**

Note 14 Kontantar og bankinnskot

Heile 1000 kroner

	2015	2014
Skattetrekksmidlar	66 123	66 269
Sum bundne kontantar og bankinnskot	**66 123**	**66 269**
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	56	76
Sum kontantantar og bankinnskot	**66 179**	**66 345**

*t.d. pasientmidlar og depositum

Helse Vest har konsernkontoordning. Helse Vest RHF har driftskreditt i Noregs Bank.

Note 15 Eigenkapital

Heile 1000 kroner

	Førtakskapital	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12. i fjor	100	2 127 267	-264 714	**1 862 654**
Korr. av feil i tidl. års rekneskap				
Eigenkapital 01.01. i år	**100**	**2 127 267**	**-264 714**	**1 862 654**
Eigenkapitalstransaksjonar				
Resultat dette året			40 177	**40 177**
Eigenkapital 31.12. i år	**100**	**2 127 267**	**-224 537**	**1 902 830**

Eigenkapitalen beløp seg til 1 part lydande på kr 100 (tal i heile 1000 kr) Parten er eigd av Helse Vest RHF.

Styringsmål frå eigar

Heile 1000 kroner

Styringsmål frå eigar	2015	2014	2002-2015
Årsresultat	40 177	366 322	-235 346
Overført frå strukturfond	0	0	18 761
Korrigert for endra levetider	0	0	126 162
Korrigert resultat	**40 177**	**366 322**	**-90 423**
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkravet*			-9 988
Resultat jf. økonomiske krav	**40 177**	**366 322**	**-100 411**
Resultatkrav	46 000	354 000	402 620
Avvik frå resultatkrav	**-5 823**	**12 322**	**-503 031**

Note 16 Pensjonsforplikting
Heile 1000 kroner

	2015	2014
Oppsamla pensjonsforplikting	-5 320 796	-5 840 967
Pensjonsmidlar	4 260 954	3 987 899
Netto pensjonsforplikting	**-1 059 841**	**-1 853 068**
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikting	-146 470	-256 094
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	1 478 506	2 567 524
Netto bokførte forpliktingar inkl. arbeidsgivaravgift	**272 194**	**458 362**
Av dette balanseført netto pensjonsmidlar inkl. aga.	**272 194**	**458 362**
Spesifikasjon av pensjonskostnad:		
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	261 098	207 003
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	138 819	195 302
Brutto pensjonskostnad i året	**399 917**	**402 305**
Venta forteneste på pensjonsmidlar	-129 490	-163 769
Administrasjonskostnader	15 902	13 249
Netto pensjonskostnad inkl, administrasjonskostnad	**286 329**	**251 785**
Aga netto pensjonskostnad inkl .adm.kostnad	39 571	34 797
Resultatført aktuarielt tap(vinst)	140 595	90 850
Resultatført planendring	0	-514 189
Res.ført del av nettoforplikting v/avk	22 556	15 538
Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift	**489 051**	**-121 219**
Andre pensjonskostnader*	754	492
Sum pensjonskostnader	**489 805**	**-120 727**
Økonomiske føresetnader:		
Diskonteringsrente	2,70%	2,30%
Venta forteneste på pensjonsmidlar	3,30%	3,20%
Årleg vekst i lønn	2,50%	2,75%
Årleg pensjonsregulering	1,48%	1,73%
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2,25%	2,50%
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	3 050	3 042
Talet på oppsette personar med i ordninga	4 322	4 182
Talet på pensjonistar med i ordninga	2 288	2 149

*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnader som vedkjem pensjon og sikringsordning.
Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentleg tenestepensjon.

Ytingsbasert pensjonsordning
Føretaket har ei offentleg kollektiv pensjonsordning (sikra pensjonar) for sine medarbeidarar, som gir ei bestemt, framtidig pensjonsyting basert på oppteningsår og lønnsnivået ved pensjonsalder. Pensjonsytingane er samordna med ytingar frå folketrygda. Pensjonsordninga dekker alderspensjon, uførepensjon og barnepensjon.

Oppteningstid for full alderspensjon er 30 år. Saman med folketrygda gir full opptening en alderspensjon på om lag 66%. Det blir ikkje opptent alderspensjon for lønn over 12G (grunnbeløpet i folketrygda), det vil seie at det er eit tak på 12G.

Pensjonskostnaden for 2015 er basert på føresetnader i rettleiing om pensjonsforpliktingar utarbeida av Norsk Regnskapsstiftelse. Det er utarbeidd et beste estimat for pensjonsforpliktingar per 31.12.2015 basert på dei økonomiske føresetnadene gitt for 2015. Basert på avkastinga i pensjonskassane er det også vist et beste estimat for pensjonsmidlar per 31.12.2015.

Konsekvensane av nye uførepensjonsregler og innarbeiding av levealdersjustering for personer født i 1954 og seinare er innarbeida i berekninga. Begge endringane er behandla som planendringar og medfører ei redusert framtidig pensjonsforplikting. Effekten av dette er rekna inn som en eingongseffekt i rekneskapen for 2014 og har medført betydelige beløp til inntektsføring.

1. desember 2015 blei det vedtatt ei endring i forskrift for berekning av ytingane til uføre i perioden mellom særaldergrense og pensjonsalder, med verknad for 2015. Endringa fører med seg auka utbetalingar for arbeidsgjevar i hovudsak for perioden mellom 65 og 67 år for dei som har særaldergrense på 65 år. Konsekvensen av større endringar i pensjonskostnader som påverkar kostnadene for helseføretaka og som føretaka ikkje kan påverke, blir normalt handtert gjennom endra rammevilkår frå eigar. Forventa endra rammevilkår knytte til denne endringa vil skje i 2016 og av omsyn til samanstillingsprinsippet er effekten av planendringa i helseføretaket sin rekneskap flytta til 2016. Endra forplikting som følgje av denne endringa er innarbeida i berekna pensjonsforplikting per 31.12.2015 og lagt i posten ikkje resultatført estimatavvik.

Kort om ikkje resultatførte estimatavvik
I samsvar med god rekneskapsskikk, nytter Helse Vest reglane om "korridor" og fordeling over attverande oppteningstid ved behandling av estimatavvik knytt til pensjonsordninga. Det har i 2015 vært ei vesentleg reduksjon i ikkje amortiserte estimatavvik (tap) jf. tabellen ovanfor. Årsaka til dette er i hovudsak ei auke i diskonteringsrente ved berekninga av pensjonsforpliktinga samstundes med at forventa lønnsauke er redusert. Differansen mellom rekneskapsført pensjonsforplikting. Korridoren, eller estimatavvik inkl. arbeidsgjevaravgifta, utgjer i heile tusen 1 478 506 kroner for føretaket ved utgongen av 2015.

Føresetnader for dødelegheit
KLP har valt tabell for dødelegheit, K2013BE. Vidare er KLP uføretariff nytta.

Demografiske føresetnader:

Nytta tabell over dødelegheit	K2013BE	K2013BE
Uttak AFP frå 62 år etter erfaring	15-45%	15-45%

Frivillig avgang for sjukepleiarar (i %)

Alder (i år)	< 20	20-23	24-25	26-30	31-45	46-50	>50
Sjukepleiarar	20	8	6	6	4	1	0

Frivillig avgang for sjukehusleger og fellesordninga (i %)

Alder (i år)	< 20	20-23	24-29	30-39	40-50	51-55	>55
Sjukehusleger	20	20	15	8	5	2	0
Fellesordning	20	15	10	7,5	5	2	0

Avtalefesta pensjon (AFP)
Føretaket har i tillegg til tenestepensjoner ein avtalefesta ordning for førtidspensjonar (AFP) etter reglane for offentleg sektor. Ordninga er 100% eigenfinansiert av føretaka, men blir administrert av KLP. Ettersom ordninga er tett integrert med ordinær tenestepensjon, er forpliktinga rekna inn i den totale pensjonsforpliktinga.

Note 17 Avsetting for langsiktige forpliktingar

Heile 1000 kroner

	2015	2014
Avtalefesta permisjon*	31 404	30 754
Investeringstilskot **	3 317	3 679
Avsetting til pasientskadeerstatning ***	3 325	2 175
Sum avsetting for forpliktingar	**38 045**	**36 609**

* Avsetjing inkluderer overlege- og spesialiststillingar:	213	216
Det er føresett uttak med %	61	61

Overordna leger og spesialister har avtalefesta rett til 4 månader studiepermisjon kvart 5. år. Under permisjonen mottar overlegane og spesialistane lønn. Lønnen blir kostnadsført og avsett som langsiktig forpliktinger etter kvart som retten blir opparbeida.

*Det er gjort ei vurdering av lønn og oppteningstid for den enkelte legen. Avsettinga inkluderer sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift). Det er føresett uttak med 61% av totalt opptente rettar.

** Investeringstilskottet blir ført til inntekt i takt med avskrivingane på den finansierte investeringa.

***Det er avsett for berekna forpliktingar for eigendelar vedkommande pasientskader som er meldte til Norsk Pasientskadeerstatning.

Note 18 Anna langsiktig gjeld

Heile 1000 kroner

	2015	2014
Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	187 053	203 616
Sum anna langsiktig gjeld	**187 053**	**203 616**

Av dette langsiktig gjeld som forfell seinare enn 5 år	94 353	109 438

Note 19 Anna kortsiktig gjeld

Heile 1000 kroner

	2015	2014
Leverandørgjeld	76 003	74 458
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	91 518	70 040
Feriepengar	174 454	169 991
Lønn	33 145	30 987
Forskott frå kundar	47	47
Anna kortsiktig gjeld	28 026	26 105
Sum kortsiktig gjeld	**403 193**	**371 627**

Note 20 Bruksrettar for universitet og høgskular

Føretaket har i høve til vedtekter og tilhøyrande instruks inngått avtalar som gjer universitet og høgskular rett til å nytta lokalar til undervising og forsking. Føretaksgruppa kan ikkje selje, pantsetta eller på annan måte disponera over faste eigedomar kor universitet eller høgskule har rettar, utan skriftleg samtykke frå Utdannings- og forskingsdepartementet eller den departementet gir slik avgjerdsrett.

Namn	m2
Universitetet i Bergen	60
Høgskolen Stord/Haugesund	ikkje spesifisert

Note 21 Forsking og utvikling

	2015	2014
Øyremerka tilskot frå eigar til forsking	2 299	2 568
Basisramme til forsking	18 363	14 889
Sum inntekter til forsking	**20 663**	**17 457**
Øyremerka tilskot frå eigar til utvikling	1 150	1 605
Basisramme til utvikling	535	1 856
Sum inntekter til utvikling	**1 685**	**3 461**
Sum inntekter til forsking og utvikling	**22 348**	**20 918**
Kostnader til forsking - somatikk	10 886	9 033
Kostnader til forsking - psykisk helsevern	9 065	8 125
Kostnader til forsking - TSB	712	299
Sum kostnader til forsking	**20 663**	**17 457**
Kostnader til utvikling - somatikk	1 292	1 784
Kostnader til utvikling - psykisk helsevern	393	1 677
Sum kostnader til utvikling	**1 685**	**3 461**
Sum kostnader til forsking og utvikling	**22 348**	**20 918**
Talet på avlagde doktorgrader	1	2
Talet på publiserte artiklar	49	49
Talet på årsverk nytta til forsking	20	13
Talet på årsverk nytta til utvikling	2	3

Note 22 Nærståande partar

Nærståande til Helse Fonna HF er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlige transaksjoner med nærståande parter kjem fram i denne og andre noter i årsrekneskapen.
Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 5, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i notane 2 og 3.
Helse Fonna HF mottar det vesentlegaste av sine inntekter frå eigar, det vil seie Helse Vest RHF

Transaksjoner med dei andre regionale helseføretaka er i hovudsak knytt til oppgjer for gjestepasientar. Det vil seie pasientar busett i Helse Vest regionen og som på grunn av midlertidig opphald, fritt sjukehusval eller manglande kompetanse eller kapasitet i eigne føretak, får behandling i helseføretak utanfor Helse Vest regionen eller i private sjukehus andre helseregionar har avtale med. Helse Fonna HF sitt kjøp frå andre regioner innan dette området utgjorde 56,3 millionar kroner i 2015 mot 60 millionar kroner i 2014. Tilsvarande sal utgjorde 8,8 mill kroner i 2015 mot 9,7 millionar kroner i 2014. Det vesentlegaste av gjestepasientoppgjeret er basert på avtala måtar å rekna pris.

Det vesentlegaste av inntekter i Helse Fonna HF er Helse Vest RHF si overføring av tilskott og aktivitetsbaserte inntekter. Ordinært kjøp og sal mot andre føretak i Helse Vest i 2015 utgjorde om lag hhv. 69,5 og 4,6 millionar kroner.

Medikament utgjør en stor del av Helse Fonna HF sine kostnader. Innan forsking og utvikling er det samarbeid mellom legemiddelindustrien og sjukehusa. Det regionale helseføretaket har inngått gjensidig forpliktande avtale med Legemiddelindustrien omkring etikk knytt til avtaler på dette området. Avtala er bindande for helseføretaka.

Helse Fonna HF har gjennomført en kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlige kjøp.

Note 23 Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest

Heile 1000 kroner

Føretak	Kortsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	405 845	38 008	187 053
Sjukehusapoteka Vest HF	390	8 778	
Helse Bergen HF	123	40 797	
Helse Stavanger HF	762	535	
Helse Førde HF		15	
Helse Vest IKT AS	79	2 863	
Helse Vest Innkjøp HF	19	523	
	407 217	**91 518**	**187 053**